



Mange har glede av å lesa det Frode Sæbø presenterer på nettsida.

Nettsida Liv og røre i Sæbøvik som uskedelingen Frode Sæbø starta med for halvtanna år sidan er blitt svært populær, også langt utanfor Halsnøy. Den innholdsrike sida har no passert 20.000 unike lesarar sidan oppstarten, og svært mange finn både underhaldande lesnad og stoff av stor kulturhistorisk verdi på sida.

- Denne sida er tileigna Sæbøvik og omegn, og vil presentera bilder og historiar frå nær fortid. Her vil eg ta dåke med på ei reise i tida nett før mobiltelefon og pc vart ein del av kvardagen vår, skreiv Frode Sæbø då han starta opp sida, og dette har han verkeleg fulgt opp.

Under faner som **Livet på kaiane, Hest og Veps, Heia Halsnøy, No.13, Fiske** og ein del fleire, presenterer han stoffet. Noko er sjølvopplevd, noko har han høyrte og noko får han inn frå lesarane. I det siste har han fått gode innspel gjennom karaklubben på Dill.

Mykje av stoffet er også interessant for oss som ikkje har tett tilknytning til Halsnøy. Kven hugsar ikkje stordomstida til Halsnøy-fotballen då dei var heilt oppe på nivå 3, tilsvarande dagens 2.divisjon? Då spela dei mot kjende lag som til og med hadde landslagsspelarar på laget. Fotballen har vel aldri stått sterkare nokon

gong i Kvinnherad enn i den perioden. På Halsnøy grensa det vel til galskap. Dette finn vi smakebitar frå i spalta Heia Halsnøy og under avisutklipp.

Elles er det mykje kjekt å lesa på <http://www.5454senior.com/>

Det er også ei eiga facebookside tilknytta nettsida. Den oppdaterer oss med nyhende som vert lagt ut. Den finn de ved å søkja på

Liv og røre i Sæbøvik.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat